

## ÅRSMELDING FOTBALLGRUPPA 2022

### Styret 2022:

Jarle Mjølhus (leiar), Ruth-Iren K.Sie (sekretær, Etne-cup, sportsplan), Maren Apeland (politiattestar, Etne-cup), Jon Helge Hausken (sportsplan, Fair-play, dommaransvarleg), Brit Dagrund Hetlelid (Facebook, S2S, materialforvaltar), Ronny Mæland (oppfølging av sportsleg planverk), Jon Ove Mæle gjekk ut av styret, Lene Skiftun og Tor Magne Håland kom inn i styret. Lene Skiftun overtok ansvaret for S2S- treningstider/kampar mm.) og Tor Magne tok ansvar som A-lagskontakt.

Styret har hatt fem ordinære styremøte og to trenar- og oppmannsmøte

### Oppsummering av sesongen:

Me har hatt eitt eller to lag for både gutar og jenter i alle årsklassar frå 5 år opp til og med 10 år. Frå 11 og oppover har me hatt G11, G12-13, J12, J 13, G14, J14, J16-17, G16 og A-lag herrar. Laga startar å spele serie frå 9 år. Aldersgruppa 6- 8 år spelar berre på lokale cupar. Me deltok med mange lag på Ryfylke trelast-cup og Asap-cup hausten 2022, i tillegg til vår eigen cup.

5-7.klasselaga reiste til Etne-cup i juni. J13,J14, G14,G15-16, J16-17 reiste på Kattegat-cup i juli. J16-17 kom til finalen, men tapte dessverre denne. Begge cupane var vellukka, og det vart to kjekke turar.

Dei fleste laga har klart seg greitt med både singlar og tap. J17 klarte seg godt i OBOS-cup, der dei dessverre tapte finalen. Me har lag både på nivå 2 og 3. A-laget spela i 6 divisjon og rykka eigentleg ned, men klarte seg likevel grunna mangel på lag i andre divisjonar. A-laget sin tropp er på ca 20 stk. og har godt oppmøte. Det er mange på trening, godt samhald og god giv i laget. Henrik Grønvik og Marius Lokthu var trenarar ved sesongslutt. På Hausken er kontaktperson.

### Aktivitetar:

#### Pub 28.mai

A-laget arrangerte pub på klubbhuset. Det var godt oppmøte og vellukka arrangement.

#### Tilsetjing av A-lagstrenar og trenarrettleiar, 30% stilling

Frå 1.januar 2022 vart Henrik Grønvik tilsett som A-lagstrenar i Hjelmeland IL. Han har ansvar for oppfølging og kursing av trenarar, vere trenar på A-laget og arrangere fotballskule. Han har også tatt UEFA B- kurs i løpet av året.

#### Fotballskule 23-24 juni.

23-24 juni arrangerte Hjelmeland IL fotballskule. Henrik Grønvik og nokre A-lagsspelarar hadde to dagars opplegg med enkel lunsj på Hjelmeland Idrettsanlegg. 40 barn deltok. Det var gode tilbakemeldingar og god aktivitet på fotballskulen.

#### Full fart 2022:

Me arrangerte «Full fart» som ei forlenging av fotballskulen. Den var frå 27-29.juni. Omlag 22 barn deltok. Hovudleiar var Sunniva Ur Fjørtoft.

#### Klubbdømmarkurs 16.mars

Jon Helge Hausken gjennomførte dømmarkurs for 11 nye dømmarar og 9 erfarne dømmarar den 16.mars. Klubben har ca 40 utdanna dømmarar. Me er godt nøgde med innsatsen til desse.

#### Hjelmeland Sparebank – cup.

Hjelmeland Sparebank –cup blei avvikla 27-28.august. 58 lag deltok.

Me vart veldig fornøgde med cupen. Det var tett mellom kampene og gode tilbakemeldingar på fisken som me serverte. Mange stilte opp på dugnad, og me hadde strålande ver.

#### Dugnad Ryfest

Fotballgruppa bidrog med ca 80 dugnadsfolk.

#### Viking trenarforum 3.oktober

Fleire trenarar hadde eit nyttig kurs med pizza-servering denne kvelden.

#### Fotballavslutting

Fotballavslutninga blei arrangert på slutten av haustsesongen. Me hadde tri avsluttingar. Ei for 5-åringane- 4.klasse, ei for 5-7-klasse og ei for 8-10. klasse. Alle laga fekk pizza frå Pizzabakaren. På møtet til dei minste hadde me eit lite foreldremøte medan ungane var ute og hadde aktivitetar. Alle elevane fekk premie og diplom. Me fekk positive tilbakemeldingar på avsluttingane.

#### Dugnad og opning av Årdal kunstgrasbane 8.desember

Det blei gjort ein fantastisk dugnad av lokale bønder i Årdal. Det blei køyrd vekk massar i 3 heile dagar. Ordførar Anita Husøy Riskedal opna bana 8.desember, og det vart opningskamp mellom 5-7.klasse ved Årdal skule og A-laget til Årdal IL som blei kretsmeistrar då grasbana opna i 1978.